



Luster kommune

Handlingsplan mot
barnefattigdom
2020- 2024

Innholdsliste

1. Bakgrunn og formål

2. Kva er fattigdom og låginntekt?

3. Kven er dei fattige i Luster?

4. Eksisterande tiltak

5. Mål om iverksetting av nye tiltak

6. Kommunen sine forpliktingar

7. Statlege føringar

7.1 Barnekonvensjonen

7.2 Stortingsmelding 19 (2014- 2015) «Folkehelsemeldinga»

7.3 Regjeringa sin strategi- «barn som lever i fattigdom» (2015- 2017)

8. Konsekvensar av fattigdom

8.1 Einsemd og utanforskap

8.2 Inkludering

8.3 Utdanning og arbeid

9. Hovudmål

10. Satsingsområde

11. Tiltak jmf. strategiar



1. Bakgrunn og formål

Det har vore gjort eit omfattande arbeid innanfor barnefattigdom og utanforskap i Luster kommune dei siste åra.

Kommunen har motteke tilskot til målretta jobbing for å motarbeide dette aukande samfunnsproblemet frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane og frå Bufdir (barne-, ungdoms- og familiedirektorartet). Desse midlane har bidrege til å styrke tverrfagleg samhandling, og det har bidrege til å auke kunnskapen om denne utfordringa for innbyggjarar i Luster kommune og kommunale einingar som jobbar tett på barn og unge og familiar.

Det er eit langsiktig behov at Luster kommune jobbar målretta for å motverke barnefattigdom, og det er bakgrunnen for å utarbeide ein handlingsplan.

Å leve i fattigdom kan gå ut over barn og unge sin fysiske og psykiske helse på kort og lang sikt. Det er derfor viktig å setje i verk tiltak for barna i risikogrupper som kan bidra til at kvardagen vert lettare, samt å førebygge at dei får problem seinare i livet. Det er viktig at tilsette i kommunen og frivillige lag og organisasjonar jobbar saman og målretta for å identifisere og setje i verk aktuelle tiltak.

Alle einingar i Luster kommune har eit ansvar for å førebygge og motarbeide fattigdom, ved hjelp av direkte tiltak, eller ved å bidra indirekte til føresette gjennom hjelpetiltak.

Ifølgje Barnekonvensjonen skal alle barn og unge ha mogelegheit til å delta i lek og fritid, til ein god levestandard og til å utvikle sine evner og ferdigheiter. Barnekonvensjonen er ei overordna rettesnor for handlingsplanen.

Barn har også rett til å bli høyrte i saker som angår dei.

Når foreldre ikkje er i stand til å oppfylle barn si rett til god levestandard, har kommunen gjennom ulike lovverk plikt til å bidra.


Dette er også lovverk som pålegg kommunen å sikre at barn gjennom si oppvekst vert i stand til å forsyte seg sjølv og delta aktivt i samfunnet.

Handlingsplanen som er utarbeida i Luster kommune samsvarar med regjeringa sin strategi 2015-2017 «*Barn som lever i fattigdom*».

Det er ei tverrfagleg arbeidsgruppe samansett av representantar frå kommunale einingar som jobbar tett på barn, unge og familiar i Luster som har vore med i utarbeidinga av planen.

2. Kva er barnefattigdom og låginntekt?

Begrep og definisjon




3. Kven er dei fattige i Luster?




71,9% - 64 barn
av barna bur i ei hushald
der hovudforsytar har låg utdanning.



28,1 % - 25 barn bur med
einsleg forsyntar



57,3% - 78 barn
har forsyntarar
utan nokon yrkestilknyting.



60,7 % - 54 barn
bur i hushald som tek i mot meir enn
halvparten av samla inntekt
gjennom offentlege overføringar



71,7% - 43 barn
av barna er
innvandrarar eller flyktningar

4. Eksisterande tiltak

Individretta tiltak

Tiltak	Beskriving- status	Ansvar
Arbeidsmarknadstiltak	Arbeidsretta oppfølging	NAV Luster
Kvalifiseringsprogram	Program for å komme nærare arbeidslivet	NAV Luster
Sosiale tenester, opplysning råd og rettleiing og gjeldsrådgjeving	Tett oppfølging av menneske med økonomiske utfordringar. Familiar med sosialstønad som hovudinntekt skal nyte godt av auken på barnetrygd, ved at summen på barnetillegget vert auka med kr. 185 per månad per barn.	NAV Luster
Introduksjonsprogram	To-årig program som skal bidra til å lære det norske språket og til å komme ut i ordinært arbeid og/ eller utdanning	Flyktningtenesta
Språkpraksis for flyktningar	Nytte ordinært arbeidsliv som kvalifiseringsarena.	Flyktningtenesta
Leksehjelp i grunnskulen	Tilbod for elevar frå 4.-7.klasse	Luster kommune
Leksehjelp for elevar på ungdomsskule og vidaregåande skule	Tilbod for elevar som har behov for bistand, her vil dei få god hjelp frå frivillige hjelparar.	Luster frivilligsentral
Buoppfølging	Tett oppfølging med særskilt fokus på barnefamiliar	Miljøvaktmeister
Bustøtte gjennom husbanken.		Luster kommune
«Juleglede»	Lågterskel-tilbod i Luster, spesielt retta mot barn i låginntektsfamiliar	NAV, Røde Kors, frivilligsentral, Lions, Gaupne helselag og kyrkja i Luster.
LOS-kontakt	Oppfølging av ungdom med særskilt behov for tilrettelegging.	Luster kommune
Ungdomsteam	Tett oppfølging av ungdom i høve utdanning og arbeid.	NAV Luster
Rask psykisk helsehjelp	For ungdom 16 + med lette til moderate utfordringar til depresjon, angst, søvn og byrjande rus.	Psykisk helseteam
Sogn frisklivssentral	Gratis lågterskeltilbod- oppfølging ved helseutfordringar og livsstil.	Sogn Frisklivssentral

Universelle tiltak

Tiltak	Beskriving	Ansvar
Haldningsendring	Spesielt retta mot foreldregrupper. Jobbe for å redusere sosiale skilnader med små grep.	Alle
FFRIMORO	Gratis arrangement 4.- 7. klasse. Overnatting for dei eldste.	Luster kommune står som arrangør- samarbeidar med andre lag og organisasjonar
Ferie for alle	Sommar og vinterferietilbod for låginntektsfamiliar.	Røde Kors
Skibyttesdag på Sogn skisenter	Kjøp og sal av brukt skiutstyr.	Sogn skisenter og Hafslo alpint
Kommunal byttesdag	Hjelpetiltak spesielt retta mot låginntektsfamiliar.	Luster frivilligsentral og Luster kommune
UNG Arena	Nytt tilbod for ungdommar etter skuletid.	Luster kommune
ALLEMED-dugnad	Tverrfagleg møtestad for å jobbe målretta med å motarbeide barnefattigdom og utanforskap.	NAV Luster, Luster kommune og Luster frivilligsentral
Utstyrssentral	Gratis utlån av fritidsutstyr.	Luster frivilligsentral
Bruktbutikk	Sal av brukte ting og utstyr.	Luster frivilligsentral
FRISKUS	Digital aktivitetsskalender.	Luster kommune
Helsestasjon for ungdom	Teneste for ungdommar i Luster kommune.	Helsestasjonen
COS- foreldrerettleiing	Foreldrerettleiing.	Helsestasjonen

Systemretta tiltak

Tiltak	Beskriving	Ansvar
«Fritidsfond» jmf. fritidsklæringa	Kommunalt fond som skal bidra til deltaking på fritidsaktivitetar, leirar og cupar for låginntektsfamiliar.	Luster kommune
Felles retningslinjer for skular/ barnehagar	Bidra til at dei ulike skulane og barnehagane har like tiltak retta mot barnefattigdom.	Oppveksteininga
Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehagen	Hjelpetiltak for familiar med låginntekt.	Oppveksteininga
Familieforum	Tverrfagleg samhandlingsarena.	Helsestasjonen
Tilskot til drifta av lag/ org for barn og unge		Kommune- kulturavd.
Transportordningar	Heim for ein 50-lapp LUT- Luster ungdomstaxi	Luster kommune
Gratis utlån av kommunale bygg		Luster kommune- kulturavd.

5. Mål om iverksetting av nye tiltak

Mål 1:

Familiekoordinator:

Luster kommune har som hovudmål at det skal etablerast ei rolle som skal fungere som eit bindeledd mellom ulike einingar ved tett oppfølging.

Dette kjem som resultat av langvarig arbeid med å motarbeide barnefattigdom i Luster kommune.

Denne rolla skal bidra til at foreldre som lever i hushaldningar med vedvarande låginntekt lettare skal komme ut i arbeid og aktivitet.

Den skal også bidra til at barn og unge i låginntektsfamiliar skal følgjast ut i fritidsaktivitetar.

Dette vil vere eit tiltak som er i tråd med våre satsingsområde og som i stor grad vil bidra til å redusere fattigdom blant barn og unge, samt å hindre utanforskap.

Det vil også bidra til at alle barn skal bli sett og høyrte i saker som angår dei.

Mål 2:

Lage brukthjørne i alle barnehagar og skular:

Med bakgrunn i at ein ynskjer å fremje gode haldningar til foreldre om at brukt er bra, så er det eit mål å sette i verk eit lågterskeltilbod i barnehagar/ skular der ein kan levere inn brukte klede som andre kan ha nytte og glede av, samt at ein også kan finne noko ein har behov for sjølv.

Her er det ynskjeleg at dei eldste barna i barnehagen skal halde oversikt, rydde og ta litt ansvar i sin barnehagekvardag. Dette vil bidra til haldningsskapande arbeid for både barn og vaksne.

Mål 3:

Open hall:

Luster kommune har eit mål om å kunne lage eit gratis lågterskel-tilbod for å bidra til at barn og unge skal ha mogelegheita til å delta på aktivitetar uavhengig av økonomi, kultur og sosial bakgrunn.

open hall kan vere ein aktiv møtestad der familiar kan møtast for å leike saman med barna, ein stad der ein kan skape nye nettverk og som fremjar integrering.

Dette er eit tilbod som er godt etablert andre stader i landet, med stor suksess og oppslutnad.

Organisering av eit slikt tiltak må ein komme tilbake til, men det er viktig å involvere foreldre, og frivillige lag og organisasjonar.

6. Kommunen sine forpliktingar

Barnekonvensjonen

Artikkel 2 og 3: Sikre at tenester og handlingar ikkje diskriminerer og er til barnets beste.

Artikkel 26: Sikre at barnet får den sosiale hjelpa og den økonomiske støtta det har krav på etter landets lovar.

Artikkel 27: Barnet har rett til ein levestandarad som er tilstrekkeleg på alle områder.

Grunnlova §104

- Skal sikre barns rett til å bli høyrte.
- Skal sikre at barnets beste er eit grunnleggande hensyn.
- Skal sikre integritetsvern.
- Gjev rett til grunnleggande økonomisk, sosial og helsemessig tryggleik.

Kommunen sine forpliktingar

Sosialtenestelova

§1 lovens formål

- Skal betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik.
- Skal bidra til at utsette barn og unge og deira familiar får eit heilheitleg og samordna tenestetilbod.
- Skal bidra til likeverd og likestilling, samt å førebygge sosiale problem.

Barnevernlova

- § 1-1. Lovas formål er å sikre at barn og unge får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, samt å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.
- § 3-1. Kommunen skal følge nøye med i dei forhold som barn lev under, og har ansvar for å finne tiltak som kan førebygge omsorgssvikt og adferdsproblem.
- § 3-3. Barnevernstenesta bør også samarbeide med frivillige organsisasjonar som arbeider med barn og unge.



7. Statlege føringar

I arbeidet med «handlingsplan mot barnefattigdom» i Luster kommune legg dei statlege føringane i [barnekonvensjonen](#), [Stortingsmelding 19 \(2014-2015\)](#) og [Strategi mot barnefattigdom](#) grunnlaget for å jobbe målretta med å motarbeide barnefattigdom.

Tiltak som er retta mot motarbeiding av barnefattigdom i Luster kommune samsvarar med dette.

7.1 Barnekonvensjonen

Barnekonvensjonen står ikkje på lik linje med dei andre lovene i Norge.

Den står over, så i strid med andre lovverk er det barnekonvensjonen som har forrang.

Barn har behov for særskilt vern, derfor har dei sine egne rettar.

Det gir alle barn dei same grunnleggande rettane uansett kven dei er og kvar dei bur.

Rettane er politiske, økonomiske, sosiale og kulturelle og gjeld alle under 18 år uavhengig av nasjonalitet, kjønn, sosial status, religion og kultur.

Alle barn har rett til:

Liv og helse, skulegang og utvikling, deltaking, påverknad, omsorg og vern.

Barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn ved alle handlingar som angår barn. Alle offentlege einingar og tilsette er pålagde å oppfylle og respektere barn sine rettar slik dei vert uttrykt i konvensjonen.

7.2 Stortingsmelding 19 (2014- 2015) - «Folkehelsemeldinga»

Regjeringa har nedfelt nasjonale mål for folkehelsepolitikken.

Eitt av måla er at «Befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse og trivsel, og reduserte sosiale helseforskjellar».

Det vert presisert at «alle barn og unge må gjevast mogelegheiter til meistring og utvikling».

Grunnlaget for god helse og gode helsevaner vert lagt på eit tidleg tidspunkt og får betydning gjennom hele livsløpet.

Tiltak for å motarbeide barnefattigdom er ei prioritert oppgåve.

Det vil også bidra til å redusere sosiale skilnader i helse.

7.3 Regjeringens strategi «Barn som lever i fattigdom» (2015-1017)

I denne planen er eitt av måla å skape mogelegheiter for alle.

Det sosiale sikkerhetsnettet skal styrkast slik at fleire vert løfta opp og færre fell utanfor.

Regjeringa tek utgangspunkt i at det skal settast inn førebyggjande tiltak som skal hindre at barnefattigdom går i arv, og dempe negative konsekvensar av å vekse opp i familiar med vedvarande låginntekt.

Det er eit mål at alle barn og unge, uansett bakgrunn, skal ha gode oppvekst og levekår.

Tryggleik og omsorg i familie og nærmiljø, i tillegg til gode tilbod og tenester i offentleg og frivillig regi står sentralt i regjeringa sin politikk.

Regjeringa sin strategi tek utgangspunkt i ei definisjon der relativ fattigdom vil seie at nokon barn og unge har tilgang til færre goder og mogelegheiter enn sine jamnaldingar.



8. Konsekvensar av fattigdom

- Det er store skilnader mellom barn frå familiar med høg sosioøkonomisk status og låg sosioøkonomisk status på fleire viktige område.
- Barn i familiar med låg inntekt deltek i mindre grad i organiserte aktivitetar enn andre barn.
- Det å leve i fattigdom som barn kan ha konsekvensar for situasjonen her og no, men også for framtidige mogelegheiter.
- Barn som veks opp i husholdningar med låge inntekter, har auka risiko for sjølv å få låg inntekt når dei vert vaksne.
- Det er også stor samanheng mellom dårleg familieøkonomi og psykiske helseproblem hjå barn.
- Jo høgare inntekt og utdanning blant foreldre, jo lågare er skåren på symptom for psykiske plager.

8.1 Einsemd og utanforskap:

- Einsemd og oppleving av utanforskap kan vere ein konsekvens av fattigdom. Stadig fleire barn og unge kjenner seg utanfor som følgje av dårleg økonomi.
- Ungdom frå lågare sosiale lag manglar i større grad fortrulege venner enn andre, og er også meir utsette for mobbing.
- Å kjenne på utanforskap stel mykje av eigenkjensla, og det kan ha så store konsekvensar at det hindrar menneske å leve gode liv.
- Sosiale media bidreg til å skape store forskjellar.
- Å førebygge einsemd og utanforskap handlar om haldningar og verdiar, om å styrke foreldrerolla og sette inn førebyggjande tiltak for å hindre utanforskap.

8.2 Inkludering

- Alle menneske har behov for å kjenne seg inkludert i sosiale fellesskap, og å ha gode relasjonar til andre rundt seg.
- Relasjon er eit viktig verktøy, og den sterkaste motstandskrafta i arbeidet med å førebygge utanforskap. Korleis me har det i livet vårt påverkar helsa vår.
- Møtet med skulen vert påverka av barn sine sosiale forskjellar.

- Nasjonalt kan ein sjå at barnefattigdom rammar barn med innvandrarbakgrunn i særleg grad.
- Å vekse opp med låg inntekt kan gjere det vanskelegare for barn med innvandrarbakgrunn å bli integrert i Norge.

8.3 Utdanning og arbeid


- Barnefattigdom rammar nokre grupper meir enn andre.
- At foreldre er i arbeid er det som beskyttar best mot låginntekt i familien.
- Barnefamilier med låg eller ingen yrkestilknytning er dei barnefamiliane som har høgast risiko for låginntekt.
- Låg utdanning har også ein samanheng med risiko for vedvarande låginntekt.
- Føresette sitt utdanningsnivå og familien si inntekt kan påverke fleire forhold knytt til psykisk helse for barn i familien, t.d kjenslemessige problem, åtferd, hyperaktivitet og problem i samhandling med jamnaldrande.
- Barn i familier med einslege forsørgarar, har større risiko for å vekse opp med låg inntekt.

(Kjelde: Bufdir.no)



Barnefattigdom og marginalisering

Barn i husholdninger med lav inntekt er utsatt for mange ulike levekårslemper



9. Hovudmål for Luster kommune

Hovudmålet for Luster kommune er å redusere fattigdom for barn, unge og familiane deira.

Luster kommune skal i løpet av denne planperioden jobbe for å redusere tal i «låginntektshushaldningar med barn» jmf. statistikk frå SSB *

10. Satsingsområder

Jmfr. statlege føringar har Luster kommune valt å jobbe ut i frå 5 strategiar som set fokus på barnefattigdom for å oppnå resultat etter planperioden.

- **Strategi 1:**
Jobbe for at foreldre i låginntektsfamiliar kjem i varig inntektsgjevande arbeid.
- **Strategi 2:**
Sosial inkludering av barn og unge i fritid, og samarbeid med frivilligheita.
- **Strategi 3:**
Sosial inkludering i barnehage og skule.
- **Strategi 4:**
Tett og målretta oppfølging av unge som står i fare for å droppe ut av skule eller arbeidsliv.
- **Strategi 5:**
Betre tverrfagleg samarbeid med fokus på barnefattigdom

*Luster kommune forhold seg til oppdatert statistikk frå SSB sin nasjonale måling av barnefattigdom. Det vil seie hushaldningar som lever på mindre enn 60% av median inntekt.

Dette kan ekskludere barn som lever i familiar der forsørgar tener meir enn median inntekt, men som ikkje forvaltar inntekta slik at det ivaretek barnets beste.

Desse barna vil likevel bli ivaretekne gjennom andre tiltak i handlingsplanen, men dei vil ikkje vere synlege i statistikken som kartlegg barn i låginntektsfamiliar.

11. Tiltak jmfr. strategiar

STRATEGI 1: JOBBE FOR AT FØRESETTE I LÅGINNTEKTSFAMILIAR KJEM I VARIG INNTEKTSGJEVANDE ARBEID.

1.Arbeidsmarkedstiltak og arbeidsretta oppfølging	
Målgruppe	Menneske som står utanfor arbeidslivet som har behov for tilrettelegging eller bistand til å komme ut i ordinært arbeid.
Beskriving og hensikt	Arbeidretta oppfølging bør bygge på deltakaren sin kompetanse, og gi opplæring og relevant arbeidserfaring i forhold til den enkelte sin individuelle plan. Det er ulike tiltak som kan setjast i verk av NAV ved behov, t.d. lønnstilskot, mentor-ordning eller arbeidsretta kurs. Det er også sett i verk ein inkluderingsdugnad i NAV som fremjar felles innsats der ein må spele på lag med arbeidsgjevarar for å få fleire menneske ut i ordinært arbeid. Det er mange menneske som både kan og vil jobbe, men det er alt for mange som står utanfor arbeid.
Tidspunkt og varigheit	Ved behov.
Ansvarlege verksemder	NAV Luster

2. Kvalifiseringsprogram	
Målgruppe	Kvalifiseringsprogrammet er for personar mellom 18-67 år som ynskjer å jobbe, men som har behov for ekstra oppfølging for å klare det.
Beskriving og hensikt	Tilbod om oppfylgning og arbeidstrening. Målet med programmet er at ein skal få den oppfylginga ein treng for å komme i arbeid eller aktivitet. Programmet er på fulltid og skal innehalde arbeidsretta aktivitetar, utdanning og opplæring, tett individuell oppfylgning og rettleiing. Deltakarane mottek kvalifiseringsstønad så lenge dei deltek i programmet.
Tidspunkt og varigheit	Kvalifiseringsprogram er på 37,5 timar per veke, har ei varigheit på inntil eitt år. NAV kan forlenge programmet med eitt år dersom NAV vurderer det som tenleg og nødvendig.
Ansvarlege verksemder	NAV Luster

3.Introduksjonsprogram	
Målgruppe	Nyankomne flyktningar.
Beskriving og hensikt	Introduksjonsprogrammet er eit kommunalt tilbod og er ei av ordningane i introduksjonslova. Eit vilkår for å ha rett til introduksjonsprogram, er at ein har behov for grunnleggande kvalifisering. Kommunen vurderer om personen er i målgruppa for ordninga og fattar eit vedtak om tildeling. Deltakaraen får introduksjonsstønad og eit deltakerbevis ved gjennomføring av programmet.

Tidspunkt og varigheit	Programmet varar som regel i to år, men kan vere kortare dersom personen ikkje lenger har behov for å delta i programmet. Programtida kan forlengast ved behov. Programmet skal vere på fulltid, 37,5 timer per veke.
Ansvarlege verksemdar	Flyktningtenesta i Luster kommune.

4. Norskopplæring

Målgruppe	For nybusette flyktningar, asylsøkarar og innvandrarar
Beskriving og hensikt	Norskopplæringa er etablert i Gaupne, på Grandmo lagshus, og tilbyr opplæring i norsk og samfunnsfag til alle som til ei kvar tid har rett til slik opplæring. Opplæringa er gratis for dei med rett og plikt til opplæring. Arbeidsinnvandrarar må betale for undervising.
Tidspunkt og varigheit	Det er både rett og plikt til å delta i 550 timar norsk og 50 timar samfunnsfag for personar mellom 16 og 67 år som søker opphalds- og arbeidsløyve etter utlendingslova som grunnlag for busettingsløyve. Ved behov kan ein få utvida rett til fleire timar norskopplæring.
Ansvarlege verksemdar	Flyktningtenesta i Luster kommune

5. Språkpraksis for flyktningar

Målgruppe	I hovudsak flyktningar som deltek i introduksjonsprogrammet.
Beskriving og hensikt	Språkpraksis inneber blant anna at ordinært arbeidsliv vert benytta som kvalifiseringsarena. Dette kan for eksempel vere språkpraksis på ein aktuell arbeidsplass for vedkommande eller anna type praksis i arbeidslivet. Målsettinga for den enkelte bør i stor grad sjåast i samheng med arbeidsmarkedet og kva mogelegheiter som finst lokalt for å få jobb.
Tidspunkt og varigheit	Ved behov.
Ansvarlege verksemdar	Flyktningtenesta og NAV Luster.

6. Sosiale tenester, opplysning råd og rettleiing og gjeldsrådgjevar

Målgruppe	Familiar og enkeltpersonar som har økonomiske vanskar.
Beskriving og hensikt	Kommunen skal gi opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebygge sosiale problem. Kommunen har eit særleg ansvar for å innbyggjarane si velferd og for menneske som av ulike årsaker fell utanfor eller ikkje får tilstrekkeleg bistand frå andre velferdsordningar. Det er vedteke ei særskild styrking av ytingar til barn ved utmåling av sosiale ytingar. Familiar med sosialstønad som hovudinntekt skal nyte godt av auken på barnetrygd, ved at summen på barnetillegget vert auka med kr. 185 per måned per barn i høve staten sine rettleiande satsar. NAV-kontoret skal ivareta brukaren sitt heilheitlege behov for bistand og skal tilby individuelt tilpassa oppfølging av tenester, tiltak og verkemidlar. NAV Luster har ein gjeldsrådgjevar i 50% stilling som jobbar tett opp mot sosialtenesta. Gjeldsrådgjeving vert gjeve til enkeltpersonar og familiar som har behov for bistand til å rydde i den økonomiske situasjonen. Tett oppfølging for å betre den økonomiske situasjonen.

Tidspunkt og varigheit	Ved behov.
Ansvarlege verksemdar	NAV Luster

7. Bustøtte gjennom husbanken

Målgruppe	Ein må vere over 18 for å søke om bustøtte. Låg inntekt.
Beskriving og hensikt	Føremålet med den statlege bustøtta er å sikre personar med låge inntekter og høge buutgifter ein høveleg bustad.
Tidspunkt og varigheit	Behovsprøvd ordning, vert utrekna ifht. inntekt når ei har sett fram søknad.
Ansvarlege verksemdar	Luster kommune.

STRATEGI 2: SOSIAL INKLUDERING AV BARN OG UNGE I FRITID OG SAMARBEID MED FRIVILLIGHEITA

1.Friskus- digital aktivitetsskalendar

Målgruppe	Alle
Beskriving og hensikt	Friskus er ein digital aktivitetsskalendar som alle lag, organisasjonar og kommunale einingar i Luster kommune har byrja å bruke. Her kan ein søke opp og legge inn alle arrangement, aktivitetar og frivillige oppdrag som skjær i nærområde. Verktøyet skal bidra til å førebygge isolasjon og einsemd. Det skal styrke fellesskap, samarbeid og positiv fritid for alle innbyggjarar i alle aldrar. Aktivitetsskalenderen er gratis for alle å bruke.
Tidspunkt og varigheit	Fortløpande
Ansvarlege verksemdar	Luster kommune

2.Luster Fritidsfond- jmfr. fritidserklæringa

Målgruppe	0-18 år
Beskriving og hensikt	Luster kommune arbeidar no for å opprette ei ordning for låginntektsfamiliar. Det skal iverksettast eit fritidsfond som skal sikre at barn og unge skal ha like mogelegheiter for deltaking i fritidsaktivitetar. Jmfr. fritidserklæringa ynskjer kommunen å legge til rette for at alle barn og unge skal få mogelegheit til deltaking i minst ein fritidsaktivitet jamleg. Luster kommune er i gang med å lage eit enkelt system som skal sikre at alle barn og unge enkelt kan få dekkja utgifter til leirar, cupar eller medlemskontingentar.
Tidspunkt og varigheit	System under utarbeiding.
Ansvarlege verksemdar	Luster kommune.

3. Utstyrssentral

Målgruppe	Alle
Beskriving og hensikt	Dette er ein sentral for innbyggjarar i Luster der alle har mogelegheit til å låne seg gratis utstyr.

	Ved utstyrssentralen er det grunnleggande turutstyr, sykklar, ski- og akeutstyr. Alle må skrive kontrakt ved lån av utstyr. Dersom barna er under 18 år og skal låne åleine, må dei ha fullmakt frå foreldra.
Tidspunkt og varigheit	Må avtalast med Luster frivilligsentral på tlf. 456 65 954 eller e-post: post@luster.frivilligsentral.no
Ansvarlege verksemdar	Luster frivilligsentral

4. Bruktbutikk

Målgruppe	Alle
Beskriving og hensikt	Kvar torsdag og laurdag blir bruktbuikken drifta av frivillige. Kvar fredag er det eit samarbeid med Luster Ungdomsskule, der nokon elevar som har valfaget "innsats for andre", deltek på bruktbuikken og har varierte arbeidsoppgåver. Bruktbuikken tek imot brukte gjenstandar /brukte møblar etter avtale med leiar på Luster frivilligsentral.
Tidspunkt og varigheit	Åpent kvar torsdag, fredag og laurdag
Ansvarlege verksemdar	Luster frivilligsentral

5. Kommunal bytedag

Målgruppe	Alle
Beskriving og hensikt	Kommunal bytedag er eit tilbod som startar opp som eit direkte tiltak av ALLEMED-dugnad. Det vart oppretta arbeidsgrupper som har jobba fram eit kommunalt tilbod for å bidra til at innbyggjarane i kommunen kan kjøpe klede og utstyr brukt. Den første kommunale bytedagen som skal gjennomførast er planlagt våren- 20. Dette er eit hjelpetiltak for låginntektsfamiliar i Luster kommune, samt at det er viktig å ha fokus på miljø og bærekraft. Tiltaket skal driftast av faget «innsats for andre» på Luster ungdomsskule og inntektene skal gå til avslutningstur i 10.klasse, noko som igjen fører til at alle elevane kan ha lik økonomisk mogelegheit til deltaking.
Tidspunkt og varigheit	Vår og haust.
Ansvarlege verksemdar	Luster kommune- Luster ungdomsskule («innsats for andre»)

6. Skibytedag på Sogn skisenter

Målgruppe	Alle
Beskriving og hensikt	Sogn skisenter har skibytedag i november kvart år. Dette er eit flott tiltak som set fokus på at ein ikkje treng å kjøpe nytt utstyr for å ha gode skiopplevingar. Dei har også gratis skikort for alle elevar som går i 4.klasse.
Tidspunkt og varigheit	November
Ansvarlege verksemdar	Sogn skisenter i samarbeid med Hafslo alpint.

7. Juleglede

Målgruppe	Låginntektsfamiliar og menneske med særskilde behov
Beskriving og hensikt	Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunale einingar, lag og organisasjonar.

	Me samarbeidar for å gje menneske med økonomiske utfordringar mogelegheita til å ta imot ei juleglede. «Juleglede» skal bidra til at familiar som har behov for det skal kunne velje ei personleg julegåve til barna eller ei opplevingspakke for å gi heile familien ei god oppleving. Det er moglegheit å fylle ut eit enkelt skjema der ein er heilt anonym. Det vert også arrangert eit gratis kulturtilbod for alle barn og unge kvart år.
Tidspunkt og varigheit	Slutten av nov- 24.des.
Ansvarlege verksemdar	Luster Røde Kors, NAV Luster og Luster frivilligsentral, Luster lions, Gaupne helselag og kyrkja i Luster.

8.UNG Arena	
Målgruppe	13-19 år
Beskriving og hensikt	Ein sosial møtestad for ungdom som går på ungdomsskule og på vidaregåande skule. Dette er eit førebyggjande tiltak i kommunen der ulike kommunale einingar og frivillige lag og organisasjonar samarbeider for å lage eit trygt, spennande og lærerikt tilbod for denne målgruppa. Tilbodet skal vere ein eller to gonger i veka og målet er at ein skal hindre einsemd, fremje inkludering og nettverksbygging.
Tidspunkt og varigheit	Ein eller to gonger pr. veke.
Ansvarlege verksemdar	Luster kommune

STRATEGI 3: SOSIAL INKLUDERING I BARNEAGE OG SKULE

1. Haldningsendring	
Målgruppe	Foreldre
Beskriving og hensikt	Haldningsendring står som eit eige tiltak i handlingsplanen. Barnefattigdom er ei aukande problemstilling både nasjonalt og lokalt, og ein må jobbe kontinuerleg for å løfte det fram. Dette tiltaket er spesielt retta mot foreldregruppa, men er like viktig i arbeid med menneske i kommunale einingar, lag, organisasjonar.
Tidspunkt og varigheit	Kontinuerleg.
Ansvarlege verksemdar	Alle

2.Felles retningslinjer for alle skular og barnehagar i Luster kommune	
Målgruppe	0-18 år
Beskriving og hensikt	Det er mange skular og barnehagar i Luster kommune og det er pr. i dag ulik tilnærming til korleis ein ivaretek barn og familiar som lev med vedvarande låginntekt. Denne planen skal bidra til at ein aukar fokus på barnefattigdom og at ein har ein felles tilnærming i møte med barn og føresette. Rektorar og styrarar bør einast om felles tiltak retta mot denne målgruppa for å sikre at det vert sett i verk tiltak for familiar med behov for bistand.

Tidspunkt og varigheit	Kontinuerleg
Ansvarlege verksemder	Luster kommune- oppveksteininga.

3.Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i barnehage

Målgruppe	0-18 år
Beskriving og hensikt	Ordninga går ut på at ingen husstandar skal betale meir enn 6 % av samla inntekt for ein barnehageplass. Frå 2019 gjeld dette for husstandar som har ei samla inntekt lågare enn 548.500 kroner per år. Gratis kjernetid er eit tiltak som rettar seg mot 2-, 3-, 4- og 5-åringar i barnehagen.
Tidspunkt og varigheit	Alle må søke på nytt ved kvart barnehageår.
Ansvarlege verksemder	Luster kommune- Oppveksteininga

4.Leksehjelp i grunnskulen

Målgruppe	Elevar for 4.-7. klasse
Beskriving og hensikt	Leksehjelp i grunnskulen er eit tilbod som skal gje betre utbytte av leksene, uavhengig av kor mykje hjelp dei får heime. Kommunen pliktar å ha eit tilbod om gratis leksehjelp i grunnskulen.
Tidspunkt og varigheit	Åpent utifrå skulen sitt behov. Tilbodet følgjer skulåret.
Ansvarlege verksemder	Luster kommune

5.Leksehjelp

Målgruppe	Elevar på ungdomsskulen og vidaregåande skule.
Beskriving og hensikt	Dette er ein sosial møtestad med fokus på læring. Her kan du ta med skulearbeidet ditt, og frivillige stiller opp for å hjelpe deg.
Tidspunkt og varigheit	Grandmo lagshus Åpent kvar mandag frå kl. 17.00-19.00 og følgjer skulåret.
Ansvarlege verksemder	Luster frivilligsentral

6.Styrka personalressursar Luster helsestasjon

Målgruppe	0-20 år
Beskriving og hensikt	Helsestasjon- og skulehelsetenesta si kontaktflate mot alle barn, unge og deira foreldre gjer at tenesta har potensial til å nå alle uavhengig av sosial tilhøyrslse. Universelle tiltak og tidleg innsats i helsestasjon, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom er viktige prinsipp for å utjamne sosiale ulikskapar i helse. Barn og unge skal ha ein levestandard som er tilstrekkeleg for god fysisk, psykisk og sosial utvikling. Barn og unge er spesielt sårbare når familien er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Tidleg innsats er vesentleg for førebygging av sosiale og helsemessige problem og dette gjeld særskilt barn og unge i vanskelegstilte familiar. I planperioden har helsestasjonen fått prosjektmidlar frå Helsedirektoratet som skal bidra til styrking og utvikling av tenesta.
Tidspunkt og varigheit	Prosjekt- 1 år.
Ansvarlege verksemder	Luster helsestasjon

STRATEGI 4: TETT OG MÅLRETTA OPPFØLGJING AV UNGE SOM STÅR I FARE FOR Å FELLE UT AV SKULE ELLER ARBEIDSLIV

1.LOS- kontakt	
Målgruppe	12- 16 år
Beskriving og hensikt	Los-kontakten har ansvar for å gi ungdom oppfølging, bistå ungdommane i kontakt med nødvendige hjelpetenester og bidra til at hjelpa som vert gjeve i skulen og av andre aktørar er godt tilrettelagde. Los-kontakten skal òg bistå ungdommane gjennom å styrke/betre deira trivsel på skulen og på fritida. Sikre at ungdommane får heilskapleg, godt tilrettelagt og koordinert oppfølging og hjelp tilpassa ungdommane sine ressursar og behov.
Tidspunkt og varigheit	Prosjekt
Ansvarlege verksemdar	Luster kommune

2.Ungdomsteam NAV Luster	
Målgruppe	16-30 år
Beskriving og hensikt	Ungdom under 30 år skal særskilt prioriterast då dei er i ein sårbar fase av livet. Det overordna målet skal vere at så mange ungdommar som mogeleg kjem inn i hensiktsmessige tiltak. Ungdommar treng tidleg og tett oppfølging for å hindre lange periodar utanfor arbeidslivet. Ungdomsinnsatsen skal sikre at unge ledige får raskare oppfølging frå NAV-kontoret for å komme i arbeid eller fullføre utdanning. Dei treng å bli møtt med respekt, og at rettleiar bryr seg og tek ungdommens behov og ynskjer på alvor. NAV Luster skal bidra til at ungdommane får tilpassa aktivitetstilbod som mellom anna kan føre til betring i helsesituasjon, gi meistring, motivasjon og gode opplevingar.
Tidspunkt og varigheit	Kontinuerleg
Ansvarlege verksemdar	NAV Luster

3. Rask psykisk helsehjelp	
Målgruppe	16 år +
Beskriving og hensikt	Psykisk helseteam har eit tilbod som heiter rask psykisk helsehjelp. Dette er for dei som er over 16 år som har lettare form for angst, depresjon eller søvnproblem. Målet med behandlinga er at ein skal oppleve at ein meistarar kvardagen, får det betre og har mindre symptom. Rask psykisk helsehjelp er eit lågterskeltilbod etter ein systematisk metode som går over ein kortare tidsperiode. Tilbodet krev at ein sjølv deltek aktivt, blant anna gjennom heimeoppgåver og øvingar.

	Psykisk helseteam skal også ha kurs framover i rask psykisk helsehjelp. Oppstart våren- 20.
Tidspunkt og varigheit	Etter behov
Ansvarlege verksemdar	Psykisk helseteam

STRATEGI 5: BETRE TVERRFAGLEG SAMARBEID MED FOKUS PÅ BARNEFATTIGDOM

1.ALLEMED-dugnad	
Målgruppe	Kommunale einingar, lag og organisasjonar
Beskriving og hensikt	Felles møtestad for å jobbe med barnefattigdom/ utanforskap. Målet er at dette skal arrangerast ein gong i året for å oppretthalde tiltak som me i fellesskap er blitt einige om. Det er viktig å sette dette temaet på dagsorden og jobbe kontinuerleg og tverrfagleg for å lukkast med å redusere barnefattigdom i Luster kommune. Fleire tiltak er allerede iverksett i kommunen som ei direkte følge av ALLEMED.
Tidspunkt og varigheit	Ein gong i året.
Ansvarlege verksemdar	NAV Luster, Luster kommune og Luster frivilligsentral

2. Familieforum	
Målgruppe	Einingar i Luster kommune som jobbar med barn, unge og familiane deira.
Beskriving og hensikt	Tverrfagled møtestad. Oppdateringar frå alle einingane. Anonym drøfting av innmelde saker med BUP og PPT.
Tidspunkt og varigheit	Ein gong pr. månad.
Ansvarlege verksemdar	Luster helsestasjon

3. COS- kurs- foreldrerettleiing	
Målgruppe	For alle foreldre
Beskriving og hensikt	COS (tryggleiksirkelen) er eit program som handlar om relasjon og samspel mellom barn og foreldre. Modellen er effektiv for å hjelpe foreldre til å forstå og tyde signal frå barnet samt korleis ein kan respondere på ein god måte. Det er eit veldig godt og førebyggjande program som er nyttig for alle foreldre.
Tidspunkt og varigheit	Rettleiarane som har COS-kurs legg opp til fleire kurs i året. Kursa går over 8 kveldar à 1-2 timar
Ansvarlege verksemdar	Luster helsestasjon og barnehagane i Luster kommune



Luster kommune